



VALESTRAND BARNEHAGE
Eidsbakkane 42
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Vår referanse: 2023/31903-4
Saksbehandler: Marion Lambrechts Berge
Dato: 25. mai 2023
Deres ref.:

Tilsynsrapport - Valestrand barnehage

Miljørettet helsevern ved Helsevernenheten i Bergen kommune gjennomførte 24.05.2023 tilsyn med Valestrand barnehage etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. (forskrifta). Forskrifta er heimla i lov om folkehelsearbeid av 24. juni 2011.

Tilsynet bestod av eit formøte, synfaring av inne- og uteareal, samt ein gjennomgang av internkontrollsystemet. Styrar og overingeniør frå Miljørettet helsevern foretok også ein synfaring av barnehagens skogsområde med lavvo.

Til stades var styrer, Kristin Haukaas, representant for eigar, Hilde Gunnarson, leiar teknisk drift, Ove Pedersen, og overingeniør frå Miljørettet helsevern, Marion Lambrechts Berge. Kommuneoverlege, Anita Sørtveit, var til stades ved gjennomgang av internkontrollsystemet.

Oppsummering av tilsynet

Valestrand barnehage hadde ved tilsynet 29 barn fordelt på to avdelingar, Triola og Tutti. Sidan sist tilsyn har veggen mellom Triola-avdelinga og grupperommet blitt fjerna og erstatta av ein lav skiljevegg. Dette sikrar at grupperommet no har både dagslys og utsyn. Vidare har friluftsgruppa i barnehagen blitt avvikla, men barnehageborna er likevel ofte på tur til barnehagens område i skogen med lavvo. Barnehagen har hatt utfordringar med vatn på tomta. Ei midlertidig løysing med å føre vatn vekk er etablert og fungerer etter hensikta, og eit permanent tiltak er planlagt. Styrer har vore tilsett i Valestrand barnehagen i nokre veker. Ho har derfor nett overtatt arbeidet med å systematisere, oppdatere og digitalisere internkontrollsystemet. Barnehagen har ei tidsavgrensa godkjenning etter forskrifta og er godkjent til og med 31.07.2023. Representant for eigar opplyser at dei skal søkje om ny helseverngodkjenning utan tidsavgrensning.

Me fann eitt avvik på tilsynet:

1. Barnehagen vert ikkje drive slik at skader og ulykker blir tilstrekkeleg førebygde, jf. § 14.

Me har følgjande merknader etter tilsynet:

- Vedlikehald og oppgradering av barnehagen bør prioriterast for å sikre eit tilfredsstillande reinhald og godt leikemiljø.
- Internkontrolldokumenta bør utviklast og bruk av signurlister bør straks implementerast i den daglege drifta av barnehagen.
- Vognskuret bør oppgraderast slik at det kan nyttast som soveskur for å sikre at barn har ly for ver og vind når dei søv.

Me ber om tilbakemelding

Me ber om at de sender søknad om helseverngodkjenning og gir skriftleg tilbakemelding til oss på korleis de vil rette avvika innan 07.08.2023.

Resultat

Rapporten syner tilhøve som vart avdekkja under tilsynet. Dette kan vere tilhøve som bryt med forskrifta (avvik), eller som må betrast for å sikre at barnehagen følgjer god praksis (merknad). Rapporten er ikkje ei fullstendig vurdering av barnehagen sitt arbeid med forskrifta.

Avvik

1. Barnehagen vert ikkje drive slik at skader og ulykker blir tilstrekkeleg førebygde.

Barnehagen skal drivast slik at skadar og ulykker blir førebygde, jf. § 14. Helsedirektoratet har utarbeidd ein rettleiar til tolking av forskrifta. I rettleiaren står det at tryggingsarbeidet til barnehagen skal førebyggja at ulykker skjer og medverke til at uønskte hendingar får så avgrensa skadelege konsekvensar som mogleg. Arbeidet med tryggleik og beredskap skal integrerast i den daglege drifta av barnehagen.

På tilsynet vart følgjande tilhøve observert:

- a) Fleire reolar var ikkje sikra mot å velte. Reolar som velter kan treffe små barn og har eit stort skadepotensial.
- b) Vindauge i andre etasje var ope. Under vindauge var det plassert ein hylle som gjorde tilgangen til vindaugeskarmen lett. Sjølv om vindauge hadde ein integrert barnesikring i tillegg til ein ettermontert barnesikring, var opninga mellom vindauge og karm stor nok til at eit mindre barn kan falle delvis eller heilt ut. Fall frå andre etasje ned på asfalt kan medføre store skader hos barn.
- c) I den eine fingarderoben hang det sekker og nett over benk. Det har vore tilfelle i andre barnehagar kor barn har vikla seg inn i sekk/nett, falle frå benk og fått kvelingsskader.
- d) På kjøkkenet var det ikkje skåldesperre på armatur og det var ikkje installert komfyrværn på platenopp. Barn kan klatre opp til vasken og få forbrenningar av varmt vatn og gryter med varm væske kan velte over barn kan gje utbreitt skåldeskade.
- e) Det var ikkje etablert rutine for dagleg kontroll av uteområdet før barna skulle ut og leike. Uteområdet er ulåst og kan nyttast av alle utanfor opningstid. Dette inneber at det dagleg er ein risiko for at farlege gjenstandar er etterlatne på området og for at leikeutstyr kan ha blitt øydelagt eller flytta på. Utan ein visuell kontroll av området før bruk er det derfor umogleg å sikre tryggleiken til barna ved bruk av uteområdet.
- f) I skogen ved barnehagens lavvo var det ført opp to slengdisser. I fallsona til desse var det store steinar. Fall frå slengdisse i bevegelse ned på stein kan medføre skader hos barn.

Samla er me av den oppfatning at desse forholda medfører ein auka risiko for skadar og ulykker. Me vurderer derfor at det må gjerast tiltak som sikrar at barnehagen vert drive slik at skader og ulykker vert førebygde tilstrekkeleg.

Merknader

Vedlikehald og oppgradering av barnehagen bør prioriterast for å sikre eit tilfredsstillande reinhald og godt leikemiljø.

Ved tilsynet vart det observert ein del inventar med slitte og ru overflater. For å kunne utføre forsvarleg reinhald bør overflater bli vedlikehalde slik at dei er heile og slette. Skader, gliper og groper vil gje økt oppsamling av skit, støv og allergen. Dette fører til at det blir tidkrevjande å gjennomføre tilfredsstillande reinhald. Me tilrår derfor at kontinuerleg vedlikehald av barnehagens overflater blir prioritert og at møblement som ikkje kan settast i tilfredsstillande stand vert fjerna.

På tilsynet vart det på uteareala observert stor slitasje på eit leikehus. Her flassa det maling og det mangla treverk rundt vindauge som førte til at fleire spikrar var delvis eksponert. Leiar for teknisk drift kunne informere om at det innan kort tid ville bli sett i gong arbeid med å utbetre treverket på leikehuset. Me tilrår også at leikehuset blir malt. Dette for å sikre barna tilgang på leikeinstallasjonar som ikkje berre sikrar behovet til barna for tryggleik, men som også står seg over tid og legg til rette for kreativ utfalding, trivsel og gode psykososiale forhold.

Internkontrolldokumenta bør utviklast og bruk av signaturlister bør straks implementerast i den daglege drifta av barnehagen.

Barnehagen sitt internkontrollsysten dekte det mest grunnleggjande som vart etterspurd på tilsynet, men det var ein del manglar. Ny styrar hadde nett overteke arbeidet med å gjennomgå, oppdatere og flytte systemet frå papir til teams. På tilsynet var det einigheit om at følgjande bør bli prioritert i tida framover:

- ei overordna kartlegging av risikoar i barnehagen bør bli gjennomført
- kontinuerleg arbeid med internkontrollsystemet bør setjast i system
- frekvens på vask av leikar bør aukast
- sjekkliste knytt til kontroll av inne- og uteområdet bør utarbeidast og takast i bruk
- signaturlistene som er i systemet bør takast i bruk
- god kultur og rutine for melding av avvik bør vera i fokus
- system for melding og registrering av ulykker og nestenulykker bør utviklast

Me tilrår at dette arbeidet får høg prioritet då mangel på eit gjennomarbeid internkontrollsysten tilpassa dei lokale forholda i barnehagen kan ha negativ innverknad på barnas miljø og tryggleik.

Vognskuret bør oppgraderast slik at det kan nyttast som soveskur for å sikre at barna har ly for ver og vind når dei sov.

I dag sov barna i barnevogn under eit lite takutspring. Vognene blir i tillegg utstyrt med regntrekk og opninga må vendast mot bygget for å skjerme barna for ver og vind. Dette kan tyde på at plasseringa ikkje er egna til å sove i vogn. Barnehagen har eit skur som vert nytta til oppbevaring av vogner. Her skal det bli etterinnstallert varme. I den anledning anbefaler me sterkt at skuret også vert tilpassa og innreia slik at barna kan sove her. Dette vil kunne sikre at vognene alltid er overdekka og at barna blir skjerma frå ver og vind når dei sov.

Konklusjon

Under tilsynet verka det som om barnehagen vert drive på ein god måte og er i ein god prosess med tanke på å betre både dei fysiske forholda i barnehagen og internkontrollsystemet. Det vart funne eitt avvik på tilsynet som må rettast. Dersom det skulle være innvendingar mot det faktiske eller rettslege grunnlaget for rapporten, ber me om at desse vert sende til Miljørettet helsevern innan 07.08.2023. Rapporten er sendt i kopi til FAU. Foreldreutvalet er å rekne som part i saka og har rett til å uttale seg.

Med helsing
Helsevernenheten

Tore-Andre Gram-Knutsen - Enhetsleder
Marion Lambrechts Berge - Overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: OSTERØY KOMMUNE - Ove Pedersen, OSTERØY KOMMUNE - Hilde Gunnarson,
VALESTRAND BARNEHAGE - Kristin Haukaas